



FAKTA OM DIRT JUMP

Dirtjump eller "jordhopp" på norsk, handlar om å hoppa på jordhopp med sykkel. Dette er ein form for ekstrem sport og har sine røtter i Canada. Me som driv med dirtjump sykklar ikkje fordi me skal bli verdsmeistrar eller fordi me skal slanke oss – me sykklar fordi det er gøy! Poenget er at man skal føle seg fri, altså ikkje ha faste dagar eller treningstider å forholde seg til. Alt man trenger er en sykkel og litt tålmod.

Syklane som vert brukt er spesiallaga med tanke på røft bruk og harde påkjenningar. Dei kan deles inn i to hovudgrupper:

BMX: Ein sykkel med hjulstr. 18"-24". Stålramme og minst mulig "dilldall" er et kjenneteikn. Stiv gaffel, single speed drivlinje, plasttrøer og ofte sete i hardplast. Alt for å spare vekt!

MTB: "Mountainbike" som det står for er eit stort begrep. I denne samanheng snakkar me om MTB street/dirt/park. Sykkelen har mange likskapsteikn med sin noko eldre halvbror BMX'n. Stålramme, plasttrøer, singlespeed drivlinje og sete i hardplast. Også her skal det spares vekt. I motsetning til BMX'n har disse syklane dempargaffel. Men en største forskjellen er rammestørrelsen og dimensjonane på hjula. Hjulstr fra 24" til 26".

Hovudsakeleg handlar dirtjump om triks og flyt. Når man sykklar en linje (jordhopp eller andre element på rekke) så handlar det ikkje om å bli først ferdig. Her er det tekniske og store triks som gjelder. Triksa kan være alt frå rotasjonar, til å sleppe sykkelen fullstendig i lufta for og så ta den igjen før du landar. Det kan også gjørast kombinasjonar av desse! Trikse mulighetene er uendelege, her gjeld det å bruke fantasien.

Vikedal Ungdomslag

Postboks 13, 5586 Vikedal
Mobil: 98 28 68 72
E-post: nils.erik@haugnett.no

Kontonr: 3244 05 20501
Org.nr: 984 039 883
www.vikedal-ungdomslag.no